

Kva er drivkreftene bak namnet *Johan*?

Ivar Utne

Bruken av namnet *Johan* har grunnlag i døyparen Johannes i *Bibelen*. Variantar av namnet *Johannes* kom til Noreg med kristendommen. I mellomalderen var *Jón* mest brukt, men òg *Jóan*. Skriftforma *Johan* kom i bruk frå 1400-talet frå tysk *Johann*. Bruken auka mykje i og etter kong Karl Johan si regjeringstid 1818–1844, som idoloppkalling. Namnet nådde 1.-plassar rundt år 1900. Ut over 1900-talet sakk bruken, og *Johan* blei helst brukt sist i dobbeltnamn, som vidareføring av tradisjon og oppkalling. Namnet blei igjen litt meir brukt som første førenamn på 2000-talet, på ei tid då mange namn brukte rundt år 1900 og hundreåret før kom i bruk. På 1000-talet var namnet *Jóan* uttala med trykk på den første stavinga og med *å*-lyd. Seinare blei det *o*-lyd. Uttale med trykk på den siste stavinga og ei uttale av *h*-en har auka sidan midt på 1900-talet. Ei opphavleg høgare sosial uttale tek såleis over for ei folkeleg.

1 Den kristne arven

1.1 Størst blant kristne mannsnamn

Namnet *Johan* er ein nordisk variant av tyske *Johann*. Opphavet er Bibelens *Johannes*. I delar av verda der kristendommen er den klart viktigaste religionen, er variantar av *Johannes* det mest brukte mannsnamnet. *Johannes* er dessutan eit arabisk namn fordi same person er med i *Koranen* (sura 6:85, 2000, oms. av Berg). Den arabiske forma blir med latinsk alfabet blant anna *Yahya* (Salahuddin 1999, 222).

1.2 Frå døyparen Johannes og evangelisten/disippelen Johannes

Bakgrunnen for den sterke spreinga av *Johannes*-variantar i område med kristendom er mest den sterke rolla til døyparen Johannes. Det kristne grunnlaget for dyrkinga av

døyparen Johannes, som særleg auka i Europa frå mellomalderen, hadde grunnlag i ei utsegn frå Jesus i Matteusevangeliet 11, 11, som gjer klart at Johannes døyparen er den viktigaste personen innanfor kristendommen (Mitterauer 1993, 345): «Sanneleg, eg seier dykk: Mellom dei som er fødde av kvinner, har det aldri stått fram nokon større enn døyparen Johannes. [...]» (Matt. 11:11, 2011, oms. av Bibelselskapet).

Dessutan reknar ein med at disippelen og forfattern, eller ein av forfattarane, av Johannesevangeliet og fleire av skrifter i *Bibelen* har verka mykje inn på namnegjeving. Det kjem av at denne Johannes har vore ein viktig person i kristendommen, og som følgje av det dessutan har vore minna med fleire merkedagar. Slike merkedagar, som har vore førte i helgenkalendrar, har vore grunnlag for oppkalling for barn i land med katolsk og ortodoks kristendom. Først var det oppkalling etter helgendagen nærast barns fødedag, seinare etter helgendagen nærast dåpsdagen (Mitterauer 1993, 345, 351 mfl.). Bruken av *Johannes*-variantar i Noreg etter reformasjonen har vore vidareføring av førreformatorisk namnetradisjon i Noreg og kontakt med andre land.

1.3 Språkleg opphav for namnet Johannes, forløparen til namnet Johan

Som nemnt var kristendommen eit viktig grunnlag for bruken av namneformer som sprang ut frå *Johannes*-namnet. Opphavet til *Johannes* er hebraisk, helst transkribert frå hebraisk skrift til *Jôhānān*. Der er *Jo* ei kortform av *Jahve*, som er namnet brukt for Gud i *Det gamle testamentet* (Krispenz 2014, 1; Klein 2008, 395; s.v. *John*, med referansar vidare i same bok). Namnet finst mange stader i *Det gamle testamentet* og for døyparen Johannes i *Det nye testamentet*. Delen *hanan* er perfektumform i hankjønn av eit verb som betyr å vera nådig/barmhjertig. Tydinga av namnet er 'Jahve viser seg som nådig/barmhjertig' (Krispenz 2014, 1; Klein 2008, 395; Seibicke 1998, 578; s.v. *Johannes*). Delen *hanan* i *Johannes* er dessutan den same ordrota som vi òg finn i det hebraiske *Hannah* og i *Anna* som er gresk og latinsk form av det same namnet (Schmidt 2008, 1; Klein 2008, 395, 333; s.v. *Hannah*).

2 Johan i Noreg – tre store bølger og tradisjonsnamn vidare

Johan har kome i bruk i Noreg i tre store rundar. Først var det i forma *Joan* i mellomalderen, rundt år 1000 og dernest som *Johan* frå 1400-talet med jamn auke fram mot 1800-talet. Den største spreininga av namnet kom som følgje av den svensk-norske kongen Karl Johan, som regjerte i første halvdel av 1800-talet. Namnet har vore noko brukt på 1900- og 2000-talet som vidareføring av den sterke tradisjonen namnet har hatt. All denne bruken blir teken opp vidare i framstillinga.

2.1 Mellomalderen

Den eldste namneforma som ligg nær *Johan* i Noreg, er *Jóan*. Norsk uttale i mellomalderen på grunnlag av skrivemåten var (med IPA-lydskrift) [ˈjoːan] altså med lang *å*-lyd, vist med skrifteiknet *ó*. Trykket var på første staving i alle ord på den tida. Det er kjent frå 1000-talet, men *Jón* har mest sannsynleg dominert frå rundt år 1000 eller før, med uttala [joːn], som vil seia lang *å*-lyd. Slik er det rimeleg å oppfatte bruken ut frå *Heimskringla* av Snorre Sturlason. Der er *Jóan* stort sett er forma som er brukt på 1000-talet, og *Jón* tek over rundt år 1100. På same tid blei òg namn på same personar endra i framstillinga, frå *Jóan* til *Jón*, stort sett i overgangen mellom dei to hundreåra. Kjelda for dette er Finnur Jónssons normaliserte utgåver med norrøn tekst frå rundt år 1900 (Jónsson [1911] 1966). I teksten finst desse mennene som 3 *Jóan*, 11 *Jón* og 2 førte både som *Jóan* og *Jón*.

Grunnlaget for dette er rett nok usikkert. Førekomstane er litt annleis fordelte i namneregisteret i boka, noko som tyder på vekslande praksis i utgjevingsarbeidet. Dessutan kan skrivaren Snorre ha vore påverka av namnebruken på Island frå tidleg på 1200-talet. *Jón* kan for eksempel ha blitt lagt til på grunn av vanleg bruk på Island på den tida, eller *Jóan* kan ha blitt brukt fordi det har vore oppfatta som ei meir fullstendig form (hyperkorreksjon). Uansett omfang og tid for namneformer kan vi rekne med eit tidleg *Jóan* som blei til *Jón*.

Forma for *Johan* utan *h*, som *Joan*, har vore ei tidleg form også i Sverige og Danmark frå rundt år 1000, ved sidan av det meir brukte *Jon*, som også der kan ha vore i bruk i endå eldre tid (Hald 1974, 46-47; SMP 2011; spalte 1, s.v. *Iohan*). Ofte har namna vore skrivne med *I* først, som for eksempel *Ion* og *Ioan* i mellomalderen. *Johan* med *h* er også kjent i Sverige og Danmark frå 1400-talet, og eitt eller få tilfelle før det (SMP 2011; spalte 1, s.v. *Iohan*; DGPN; spalte 652–682).

Ei utvikling av liknande former som *Joan* utan *h* finst på dei fleste språk, og kan heller vera ei parallell utvikling på mange språk enn at dei har et felles opphav. Vi kjenner det i former som det franske *Jean*, spanske *Juan*, italienske *Giovanni*, russiske *Ivan*, og det engelske *John*, utan *h*-en uttala.

Den mykje brukte nordiske varianten *Joan* er neppe brukt på tysk og er ei nordisk utvikling frå tyske *Johann*. På tysk er forma *Johann* klart dokumentert frå 1300-talet, men er før det vanskeleg å skilje frå *Johannes* og andre former med det same opphavet. *Joan* er ikkje blant dei. (Seibicke 1998, 573; s.v. *Johann*, 578–579; s.v. *Johannes*). Innlånet til Noreg har mest sannsynleg i hovudsak gått munnleg, slik at det endra form i tale.

Før 1400-talet var *Johan*, som omtala, i Noreg noko brukt i forma *Jóan*. Forma *Johan*, med *h*, er kjent i eitt tilfelle i Noreg frå litt før midten av 1200-talet (DN I, nr. 51, om ein prest; dokumentet er udatert, men plassert innanfor åra 1226–1254, utan opplysning om stad). *Johan* kom først og fremst i noko bruk i skrift frå 1400-talet, men

uttale veit vi lite om, anten som eldre norsk, men etter kvart helst med *o*-lyd ([ˈju:ɑn]), eller som tysk med trykk på første staving, *å*-lyd og *h*-en uttala ([ˈjo:hɑn]). Mange andre former med opphav i *Johannes* kom òg i bruk i Noreg på 1300-talet og seinare, slik som *Jon*, *Joan*, *Hans*, *Jens* og variantar av dei (NPL 2013, 223; s.v. *Hans*, 287; s.v. *Jens*); Vågslid 1930, 141–142; s.v. *Johannes*). *Jo*, óg helst skrive *Joe* til midt på 1800-talet, er lite brukt i skriftlege kjelder, men var mest sannsynleg vanleg i dagleg bruk for *Johannes*, *Johan* og *Jon/John*, slik det er vore opp til vår tid (Digitalarkivet; folketeljingar for 1801, 1865 og 1910).

2.2 Frå 1700-talet

På 1700-talet kan vi sjå på importen av *Johan* og konkurransen med andre namn.

2.2.1 Importen på 1700-talet

Bruken av *Johan*, også for uttale og skrift utan *h*, var låg på 1600-talet og auka gjennom 1700-talet (NPL 2013, 292; s.v. *Johan*, 621; s.v. *Mannsnamn 1645/1647*, 624; s.v. *Mannsnamn 1781–1800*; Kruken 2018, 332). Det kan ein rekne med følgde naturleg av kontakt mellom landa, særleg for tysk kontakt med handel og gruvedrift, og med embetsfolk med tysk familiebakgrunn dels gjennom Danmark. Tysk bruk, der skriftforma var og er *Johann*, har truleg òg medverka vidare utover 1800-talet, men då var det truleg mest svensk og kongeleg bruk som har verka, omtalt seinare.

Frå 1700-talet og seinare er forma *Joan* lite brukt i skrift, og no utan lengdeteiknet frå norrøn tid på grunn av endra skriftkonvensjonar. Men mykje bruk av *Joan* i nokre kjelder og lite i andre kan tyde på at uttala ofte har vore som for *Joan* for mange tilfelle av *Johan*, mest truleg [ˈju:ɑn]. Skrivemåten *Johan* har stort sett teke over etter midten av 1800-talet, sannsynlegvis etter skrivemåten for kongen, men truleg framleis mykje med den tidlegare norske uttalen. (Uttalen av namnet *Johan* er meir omtalt i del 3.)

Påverknaden med *Johan* frå tyske *Johann* er rimeleg sett i forhold til at namnet var svært mykje brukt i tyske område på 1700- og 1800-talet. I tyske område var *Johann* på denne tida så mykje brukt at det blei sett på som eit overforbrukt namn. Det var blant anna eit typisk namn for betjentar (underordna funksjonærar), slik at dette overforbruket førte til at namnet fall i verdi (status). Dette går fram i eitt av Dudenverlag sine namneleksikon: «Der Name kam im 18. og 19. J[ahr]h[undert] so heufig vor, daß er – als typischer Bedienstetenname – abgewertet wurde.» (Drosdowski 1974, 123; s.v. *Johann*).

2.2.2 Konkurransen på 1700-talet mellom *Johannes*- og *Olav*-former

Bruken av *Johan* og variantar av *Johannes*, som bl.a. *Jon*, har stått svakare i Noreg enn tilsvarende variantar i andre land, bl.a. i England. I London fekk ¼ av dei nyfødde gutane namnet *John* i 1540-åra (Stewart 1986, 159). I mange land hadde namnevariantar av *Johannes* drahjelp frå helgenkalendrar for namnegjeving. Oppkalling etter helgendagar kom i bruk blant anna i Tyskland frå rundt 1000-/1100-talet (Mitterauer 1993; særleg 330–350). I Noreg gjaldt ikkje den katolske kalendertradisjonen etter reformasjonen, og kor utbreidd denne skikken var i Noreg før reformasjonen, ser ikkje ut til å vera undersøkt. Men bruken på grunnlag av kalendrar i Tyskland kan indirekte ha verka i Noreg gjennom import av namnebruk.

I Noreg var spreinga av *Johannes*-former hindra av *Olav*-former. Her stod *Johan*-/*Jon*-variantar i Noreg frå rundt 1300-talet om lag like sterkt som den norske helgen-tradisjonen etter Olav den heilage, med namn som bl.a. *Oluf* og *Ole* i skrift, og vel *Ola* i tale. Tidleg på 1300-talet hadde *Johannes*-former lege så vidt framfor *Olav*-former i bruk (tal for enkeltnamn i NPL 2013, 620; Gunnes 1983, 154). På 1600-talet var det rundt 30 % fleire *Olav*-variantar enn *Johannes*-variantar. Då omfatta *Olav*-variantar 13,5 % av den manlege delen av folket, medan *Johannes*-variantar, inkludert bl.a. *Jon*, *Hans* og *Jens*, omfatta 10,5 % (NPL 2013, 621; tabell 1 nedanfor). Blant fødde sist på 1700-talet var *Johannes*-variantane med 14,9 % gått forbi *Olav*-variantane, som talde 13,4 %, slik at *Olav*-variantane låg rundt 10 % under *Johannes*-variantane (NPL 2013, 624; tabell 1). Før 1800 var forma *Johan* mindre viktig blant *Johannes*-formene, men ho var i noko vekst frå seint på 1700-talet. *Johan* hadde knapt fem tusen berarar i 1801-folketeljinga (tabell 1). Vi kan sjå veksten ved at prosentten *Johan* blant fødde i 1781–1800 (1,4 %) var høgare enn for alle menn i 1801 (1,2 %). I 1801 låg namnet *Johan* på 15. plass i folket (NPL 2013, 624).

2.3 *Johan* i sterk vekst og utflating på 1800-talet

Namneforma *Johan* blei svært populær frå før midten av 1800-talet, slik vi kan sjå i tala for fødde i 1781–1800 og 1850 i tabell 1. Det er mest sannsynleg særleg inspirert av namnet til den svensk-norske unionskongen Karl Johan, konge frå 1818 til 1844, og påverknad frå Sverige i det heile. Veksten frå 1700-talet og populariteten på tysk område kan òg ha støtta opp om auken i Noreg, slik høgare tal for fødde i 1781–1800 enn levande i 1801 viser.

	Alle 1600-talet (eitt namn)	Alle 1801 (alle namn)	Fødde 1781–1800 (alle namn)	Fødde 1850 (alle namn)	Alle 1865 (alle namn)	Fødde 1875–99 (1. namn)	Alle 1910 (alle namn)	Fødde 1925–29 (1. namn)	Alle 1.1.1998 (1. namn)	Alle 1.1.2020 (1. namn)
Johannes	1,6	2,5	2,8	2,2	2,5	1,7	1,2	0,8	0,3	0,3
Johan		1,2	1,4	5,5	4,5	3,9	5,1	1,4	0,5	0,4
Jon*	4,9	3,3	3,2	1,8	2,1	1,5	1,7	2,3	1,8	1,3
<i>Jon</i>	4,9	1,64	3,2			0,3	0,4	0,56	0,8	0,6
<i>John</i>		0,93				1,2	1,3	1,72	1,0	0,7
<i>Joen</i>		0,76								
Jens	1,3	2,1	2,0	1,5	1,6	0,9	1,1	0,6	0,4	0,3
Jan**		0,2				<0,2	0,1	0,8	2,5	1,8
Hans	2,7	5,5	5,5	5,8	5,6	3,4	4,0	1,8	1,2	0,8
SUM	10,5	14,8	14,9	16,8	16,3	13,8	13,2	7,7	6,7	4,9

Tabell 1. *Johannes*-variantar i Noreg frå 1600-talet til 2020, for alle i landet og for fødde, i prosent av alle levande eller fødde¹

¹ *Jon** omfattar formene *Jon*, *John* og *Joen*, som òg er førte opp med eigne tal der dette har vore mogleg å hente ut frå kjeldene. I mange kjelder kan slike former ha blitt brukte forskjellig av ulike skrivarar. *Jan*** omfattar òg formene *Jahn* og *Jann*, som begge har vore lite brukte. Kjelder til tabell 1: Alle 1600-talet: NPL (2013, 621). Alle 1801: Søk i Digitalarkivet, og delt på alle menn. (For 1801 finst òg oppteljing frå Statistisk sentralbyrå med dei 20 vanlegaste namna. Ho samsvarar i hovudsak med tala ovanfor, men med 2,3 % for *Johannes*, 5,7 % for *Hans* og utan *Johan* (SSB 2001).) Fødde 1781–1800: Kruken (1982, 55–56); NPL (2013, 624). Fødde 1850: NPL (2013, 626). Alle 1865: Utne (2001, 25), bygt på søk i Digitalarkivet, delt på alle menn. Fødde 1875–99: Utne (1991, 42–43). Alle 1910: Søk i Digitalarkivet, delt på alle menn. Fødde 1925–29: Utne (1991, 54–55). Alle 1.1.1998: Kristiansen og Ouren (1998, 79, 82–84). Alle 1.1.2020: Søk hos Statistisk sentralbyrå (2020a), delt på alle menn.

I 1850 låg *Johan* på 3. plass som første førenamn blant fødde (NPL 2013, 626), 2. plass for perioden 1850–74 (Utne 1991, 553), og mykje på 2. plass frå 1880 til 1899 (Statistisk sentralbyrå 2020a). Vidare fram til 1908 låg namnet på 1.- og 2.-plassar og sokk etter det.

At bruken av *Johan* heldt seg godt i over eit halvt hundreår etter at kong Karl Johan døydde i 1844, kan ha fleire grunnar som verka saman med ulik vekt over tid:

1. *Johan* var eit tradisjonsnamn. Namnet hadde vore mykje brukt i fleire generasjonar, også mykje før kong Karl Johan, som vist ovanfor. Det var eit godt etablert namn, som ein gjerne kunne velje. Allereie i 1801-folketeljinga finn vi *Johan* godt spreidd over ulike lag av folket, både i byar og bygder (søk i Digitalarkivet).
2. Kongsnamnet *Johan* gav status. Kongen kan reknast som eit idol. Slik påverknad frå kongelege, men i mindre omfang, fanst for dei kongelege namna *Karl/Carl*, *Oskar/Oscar*, *Håkon/Haakon*, *Olav*, og seinare særleg for *Ragnhild*, *Astrid* og *Harald* (Statistisk sentralbyrå 2020a). Felles for *Johan* og dei andre namna her, unnateke *Karl* og *Oskar*, er at dei allereie var i brei folkeleg bruk i Noreg då dei blei tekne i bruk som namn blant kongelege. Den omfattande bruken kan då sjåast slik at idolnamn i desse tilfella slår godt an som motenamn når namna allereie er godt festa i namnebruken i samtida, med to unntak.
3. *Johan* blei brukt til oppkalling. Når ein stor del av mennene hadde fått namnet, og oppkalling stod sterkt som namneskikk, var det eit godt grunnlag for at namnet kunne få omfattande bruk vidare.
4. Tysk namnebruk påverka framleis namnebruken i Noreg ut over 1800-talet, bl.a. gjennom namneformer som *Albert*, *Ludvig*, *Sigvart*, *Anton* og *Martin*, *T(h)eodor*, *Amalie*, *Emma*, *Gunda*, *Mathilde* og *Valborg* (Kruken 2018, 347; Utne 2020a, upublisert manuskript, 47–49, 52–58, delar av kap. E7). Rett nok gjekk òg namn med lang bruk i Noreg ned på denne tida, særleg *Hans*. Kvinnenamnet *Olga*, som var ei russisk form av nordiske *Helga*, spreidde seg òg nordover i Europa i andre halvdel av 1800-talet, frå bruk hos minst ei tysk dronning med russisk bakgrunn (Utne 2020b, upublisert manuskript, 108–109; NPL 2013, 432–433; s.v. *Olga*). Det vil seia ein tydeleg kulturpåverknad frå tysk.


Dei ulike grunnane kan, som nemnt ovanfor, har verka ulikt over tid. Idolbruken kan ha vore særleg sterk i kong Karl Johans regjeringstid og minka i tiåra etter.

Som vi ser ovanfor, fekk namnet andre- og førsteplassar seint på 1800-talet. Dette skjedde trass i at delen av dei fødde sokk, slik fødselstala for 1875–99 viser i tabell 1 og kurva i figur 1 viser. Grunnen til dette er at det kom i bruk nye namn som til saman tok større og større del av barnekulla, utan at enkeltnamn kom så høgt at dei slo ut

Johan frå toppen. Frå seint på 1800-talet sokk bruken av tyske namn i det heile, og engelske namneformer tok over, og ein endå sterkare straum var opphavlege nordiske namn. Oppkalling og tradisjon kan òg ha halde *Johan* godt oppe etter kvart som andre drivkrefter, som tysk namnebruk og idoloppkallinga frå Karl Johan, har minka.

2.4 Bruken av Johan fall ut over 1900-talet

Tidleg på 1900-talet blei *Johan* konkurrert ut av nye trendar med nordiske namn. Mange nye namn kom til med den nordiske namnerenessansen, som vil seia ein prosess med framhenting av nordiske namn frå mellomalderen. Både *Johan* og fleire mykje brukte namn på 1800-talet blei konkurrerte ut av *Olav* på førsteplass i 1906. Det var namnet på den nye norske prinsen, og dessutan var *Arne*, *Einar*, *Olaf*, *Haakon* og *Harald* det året blant dei ti vanlegaste.



Figur 1. Bruken av *Johan* i Noreg i perioden 1880–2020 (Statistisk sentralbyrå 2020a)

Fallet for *Johan*, som vi kan sjå i figur 1, kom først og fremst for bruk som første førenamn. Bruk som andre eller øvrige namn blei derimot styrkt, og namnet heldt på den måten fram med høg bruk ut over første halvdel av 1900-talet. Det vil seia at på 1900-talet har *Johan* vore meir brukt som andre enn som første førenamn. På den måten var *Johan* det mest brukte og nest mest brukte mannsnamnet fram til ute i 1930-åra. Der-som vi tel for femårsperiodar, var *Johan* mest brukt frå 1900 til 1920 og på 2. plass til ut i 1930-åra (Alhaug 2011, 432; 2. plass sist dokumentert for 1930–35). Meirbruken som andre førenamn heldt også fram når *Johan* i det heile blei lite brukt i andre halvdel av 1900-talet. Bruken av namnet *Johan* sokk fram til rundt 1955, mest ned som første førenamn (Statistisk sentralbyrå 2020a; Alhaug 2011, 432). Ved inngangen til 2008 hadde 60 % av menn med *Johan* som førenamn det som førenamn etter det første (Alhaug 2011, 189; s.v. *Johan*, 429, 13; om statistikken). Blant dei som fekk namnet *Johan*

fram til 1975, auka omfanget for andre eller tredje førenamn frå 49 % i 1900–24 til 68 % og 75 % i dei to neste 25-årsperiodane (rekna på grunnlag av Mikrokort 1984).

Ein viktig grunn til at namnet *Johan* fall sterkt i bruk som første førenamn ut over 1900-talet, er som nemnt at det då kom i konkurranse med opphavlege nordiske namn frå mellomalderen. I tillegg kom ein trend med korte namn, og gjerne einstava. Det omfatta nybruk av gamle nordiske namn som *Odd*, *Rolf*, *Leif* og *Knut*. Det var òg tradisjonsnamn som dei opphavleg nordiske *Bjørn* og *Kjell*, og gamle norske former av innlånte namn som *Per* og *Jan* (Statistisk sentralbyrå 2020a; Utne 2020b, upublisert manuskript, 131–133, 190, 200–206). Då blei *Johan* òg konkurrert ut av variantar med same opphav frå *Johannes*, som *Jon* og *Jan*. Slike korte trendar gjaldt òg i andre land, slik at *Johan(n)* òg gjekk ned i bruk i Tyskland, Danmark og Sverige.

2.5 Forlengd bruk som andre førenamn – tradisjon og rytme

Som nemnt heldt *Johan* seg godt som andre førenamn ut over 1900-talet. Det kan skuldast både tradisjon og lydlege tilhøve.

Namn som hadde tradisjon og var i ferd med å gå ut av moten som første førenamn og dermed som namnet ein brukte til dagleg, blei i mange tilfelle brukte vidare som andre førenamn. På den måten kunne dei anten bli gjevne, men ikkje brukte til dagleg, eller dei kunne stå fram som del av den moderne skikken med doble førenamn i dagleg bruk. Ofte gjaldt det oppkalling. For dette har *Johan* truleg vore ein god kandidat i mange familiar. Doble namn som *Ole Johan*, *Arne Johan* og *Per Johan* har stått fram som moderne namneformer på 1900-talet fordi dei er dobbeltnamn. Slike dobbeltnamn har vore sette saman av namn som dels har vore på veg ut, men som likevel har blitt moderne i nye kombinasjonar og altså i bruken av dobbeltnamn i dagleg bruk. Ved inngangen til 1998 var *Johan* på 4. plass for andre førenamn blant mannsnamn og på 44. plass for første namn (Kristiansen og Ouren 1998, 112, 146–147).

Det lydlege grunnen til at *Johan* kunne bli brukt vidare som andre førenamn, er at tostava namn passar godt som andre førenamn, etter både einstava og tostava første-namn. Det gjev god rytme. Kombinasjonen av einstava første-namn og tostava andre-namn gjer det mogleg å bruke begge med eitt trykk, for eksempel *Ole Johan*, med trykk berre på *-han*, [uleju 'han:] (omtalt som «amfibrakke namn» av Nedrelid (2015)). Tidleg var det ofte dobbeltnamnet *Karl Johan*. For berre gutenamn med bindestrek blant fødde 1925–29 var dei mest brukte fem tilfelle av *Karl-Johan* og fem av *Jan-Erik* (Heggstad 1977, 21–22). Gjennom store delar av 1900-talet har dei mest brukte doble førenamna med *Johan* som del vore *Ole Johan*, *Arne Johan* og *Per Johan* (Kristiansen og Ouren 1998, 110). Slik kan nye trendar/motar vera vidareføring av gamle element i nye samansetjingar (kombinasjonar).

2.6 Ny vekst på 2000-talet – tradisjon, og ikkje frå sportsidol

Johan har som første førenamn etter midten av 1900-talet hatt ein ny svak vekst frå rundt 2008 og fram til ein topp i 2015, med plasseringar på 30-talet i ranglistene dei beste åra. Etter 2015 har namnet gått ned. Denne høgare bruken kan truleg best forklarast med tradisjon. Det vil seia at *Johan* har kome i bruk igjen saman med mange namn som var mykje brukte tidleg på 1900-talet, og som var mykje mindre eller nesten ute av bruk i mellomtida. Slike er *Olav, Martin, Oskar, Aksel, Sverre, Magnus, Sofie, Mathilde, Lilly, Ella, Agnes, Sigrid, Emma, Selma, Ada* og *Alma* (Statistisk sentralbyrå 2020a; søk på einskildnamn). Dette blir omtalt som oldeforeldrenamn (dels for barna og dels for foreldra). Den same tendensen med å hente fram namn frå rundt år 1900 finst i fleire land og gjeld dessutan dels namn som var brukte felles internasjonalt på den tida (Tyskland: Kohlheim og Kohlheim (2016, 16; spalte 2); Danmark: Lerche Nielsen (2007, 20); Sverige: Brylla (2004, 13)). Det omfattar òg mange namn brukte i store delar av 1800-talet. På den måten kan bruken av slike namn no òg vera inspirerte frå andre land.

Bruk av namnet utanlands har neppe vore viktig for veksten av *Johan* på 2000-talet. Namnet *Johan(n)* har stått sterkare i Sverige enn i Noreg på 1900-talet, men i hovudsak til andre tider. I Sverige var *Johan* blant anna på 1. plass som tiltalenamn for kvar av tiårsperiodane 1970- og 1980-åra, og på 7. plass for 1990-åra (SCB 2021). I Danmark auka bruken særleg frå rundt 2005, og nådde 19. plass for fødde i 2015 (Danmarks Statistikk). Ein mogleg inspirasjon frå Sverige og Danmark, som kan verke inn for nokre namn, er lite sannsynleg for *Johan*. I Sverige hadde *Johan* som nemnt ein sterk periode i 1970- og 1980-åra. Det sokk gjennom 1990-åra og hadde siste år blant 100 på topp for fødde gutar i 2008 (Brylla 2004, 120; s.v. *Johan*; SCB 2021). Vi ser rett nok i den norske kurva at namnet byrja å stige frå tidleg i 1970-åra, men det store veksten kom frå rundt 2008. Bruken i Noreg har heller følgt Danmark, som Noreg sidan seint på 1900-talet har sett lite namneinspirasjon frå på 2000-talet. Påverknad den vegen er tvilsam. Berre jentenamnet *Lerke* frå opphavleg danske *Lærke* har kome tydeleg i bruk her i landet (Danmarks Statistikk 2021, Statistisk sentralbyrå 2020a).

Ein kan òg spekulere på om ein svak vekst og med følgjande fall i 1990-åra for *Johan* kan vera ei følgje av at forma *Johann*, med to *n*-ar, kom litt i bruk tidleg på 1990-talet, mest sannsynleg med inspirasjon, som idoloppkalling, frå skeiseløparen Johann Olav Koss. Både *Johann* og *Johan* var på sitt beste i 1994, det året Koss tok tre gull under OL på Lillehammer. Forma *Johann* hadde fødselstal under 4 dei fleste åra før 1990 og etter 2000, men det var oppe i 22 fødde i 1994, som det beste (Statistisk sentralbyrå 2020b; gjeld òg tal nedanfor). Bruken av *Johan*, med vanleg norsk skrivemåte, auka tydeleg i 1990-åra. Midt i 1990-åra låg det rundt 50 % over bruken før og etter 1990-åra, med 132 fødde i 1994, og låge år før og etter vist med 81 og 83 fødde i 1986 og 1987, og 101 i

2004. Det er først frå 2008 at vi kan sjå ein tydeleg auke for *Johan*, med 204 fødde i 2015 som det beste. Det er derfor svært lite sannsynleg at idoloppkalling er grunnen til den nyaste veksten. Vi kan ikkje sjå bort frå at det kan vera andre inspirasjonskjelder.

Denne utviklinga i 1990-åra finst òg i bruken av namna til nokre kjende idrettsidol i 1980- og 1990-åra og fram til vår tid auka noko medan dei var i rampelyset, og sokk til førnivået etter det. Blant namn som hadde rundt 50 % meir i slike periodar var i tillegg til *Johan* (Johann Olav Koss) òg *Astrid* (Uhrenholdt Jacobsen) og *Maiken* (Falla). Fordobling hadde *Lasse* (Kjus) og *Vegard* (Ulvang). Tre sterke namn med rundt 6 gonger høgare brukstal er *Andrine* (Flemmen), *Ella* (Gjømle Berg) og *Aksel* (Lund Svindal). Og *Ådne* (Søndrål) gjekk frå under 4 fødde til i 1987 til 47 i 1995 og 54 fødde i OL-året 1998. Dette siste liknar på utviklinga for *Johann*, som rett nok var svakare.

Astrid sokk igjen, men har teke seg litt opp seinare, og då mest truleg av andre grunnar, bl.a. mykje bruk i Sverige kan ha verka inn. *Ella* har stige raskt heile tida og er sannsynlegvis først og fremst påverka av høg bruk i mange andre land, bl.a. Sverige og USA, og har dessutan *l*-lyden, som auka i bruk frå denne tida (Utne 2020b, upublisert manuskript, 214–216). For *Aksel* kan vi ikkje skilje mogleg idolbruk klart frå bruk av namnet både i Sverige (*Axel*) og Danmark, slik at begge forklaringar kan vera moglege.

Blant namn som ikkje rørte på seg, var *Kjetil* (André Aamodt), *Bjørn* (Dæhli) og *Thomas* (Alsgaard). Dette kan vi truleg helst tolke slik at namn på idol først og fremst slår an når dei kan passe i tida, og då ikkje er blant namn som få tiår før har vore mykje brukte, slik som desse siste. Dette viser at namna treng anna støtte for halde seg høgt, anten mykje bruk i andre land, fleire idol i Noreg, eller lyd og form i det heile, som for *Astrid* og *Ella*.

Bruken av namnet *Johan* på 1990-talet kan altså ganske sannsynleg ha hatt påverknad frå Johann Olav Koss sine prestasjonar, men dette hadde lite sannsynleg nokon verknad på bruken ut over 2000-talet. På 2000-talet har påverknaden neppe heller vore frå utlandet. Framhenting av gammal namnetradisjon frå rundt hundre år før er den mest rimelege forklaringa til auka bruk av *Johan* på 2000-talet.

3 Uttale

Vi skal sjå litt på korleis uttala av namnet *Johan* har endra seg over tid, og kva som er grunnen til fleire uttaler.

For uttala av *Johan* er det to trekk som varierer i norsk i dag. Det gjeld plasseringa av trykket på første eller andre staving, og om *h*-en blir uttala. Dessutan var *o*-en uttala som *å*-lyd i mellomalderen. Slik *å*-lyd er det òg i tysk, som namnet er kome frå.

Då namneformer nær *Johan* kom inn i Noreg rundt år 1000, var det trykk på første staving, noko som òg dels kan ha vore i bruk i tysk som namnet kom ifrå, og dessutan i svensk og dansk, som namnet kan ha blitt lånt gjennom. *H*-en var neppe uttala i Noreg før med fornya innlån frå tysk på 1400-talet. Før det var namnet som nemnt ofte skrive *Jóan* i kjeldene, og seinare *Joan* på grunn av endra skriftkonvensjonar. Ein kan rekne med at det innebar at *h*-en ikkje var uttala. Overgang frå *å*- til *o*-uttale kan ha skjedd frå 1300–1400-talet og dels seinare, og har stått i samanheng med forskyvinga i uttalene av lange bakre vokalar i norsk, bl.a. slik at ord med lang *å*-lyd fekk *o*-lyd (Torp 2016, 164–166).

Den folkelege uttala av namnet *Johan* fram til seint på 1900-talet har vore ['ju:an] med trykk på første staving, utan uttale av *h*-en, og med *o*-lyd. Det er ei vidareføring av uttale frå mellomalderen og med den nemnde vokalforskyvinga seint i mellomalderen.

Gjennom 1900-talet har trykket i namnet meir og meir blitt flytta til siste staving, *-han*, altså frå ['ju:an] til [ju'hɑ:n:]. Denne endringa kan sjå ut til å ha kome frå bystrok og kan hende frå høgare sosiale lag. Bruken av dei ulike trykkplasseringane er rundt 2020 mest knytt til generasjonar, slik at trykk på første staving helst er i bruk i eldre generasjonar, og neppe blant ungdom i dag. Men det kan vera litt geografisk variasjon for by og land. Den gamle folkelege uttala har låg status, vel mest fordi ho er særleg knytt til lågare sosiale lag i byane og folk på landet. Uttalen for *Johan* er lite oppgjeven i norske uttaleordbøker. Namnet er ikkje med i tre av dei, for tida fram til 1969 (Alnæs 1910; Alnæs 1925; Berulfsen 1969). Uttale for namnet finst i uttaleordboka til Vanvik (1985, 148). Der har det trykk på andre staving og *h*-en uttala.

Denne endringa med trykket vekk frå første staving på innlånte namn er del av ein trend med å erstatte folkelege uttaler med trykk på første staving til uttale med trykk på andre staving i av mange innlånte namn, slik som for *Marie*, *Sofie*, *Mathea*, *Emil*, *Elias* og *Mathias*.

Trykk på andre staving i *Johan* er kjent i tysk for *Johann*, med *h*-en uttala og kort *å*-uttale, [jo'hɑ:n]), men er lite brukt der (Dudenverlag 2015, 487; s.v. *Johann*; ikkje ført opp i Seibicke 1998, 573; s.v. *Johann*). Uttala med trykk på andre staving er vanleg i dansk, og med uttale av *h*-en og *o*-lyd (Brink mfl. 1991, 723; s.v. *Johan*). Svensk har helst trykk på første staving, både med og utan uttale av *h*-en og med *o*-lyd (Hedelin 1997, 548; s.v. *Johan*).

Uttale med trykk på første staving er det vanlegaste i tysk, men med *h*-en uttala og lang *å*-uttale, [jo:hɑ:n] (Dudenverlag 2015, 487; Seibicke 1998, 573; Eike Schnall (nordtysk informant, munnleg)). Mest sannsynleg har endringa i trykket i Noreg bakgrunn i ein påverknad frå *Johannes* og bruk i høgare sosiale lag eller blant boklærde, ho har kome til Noreg frå tysk, ganske sannsynlig gjennom dansk.

4 Oppsummering og konklusjon

Bruken av *Johan* har i denne framstillinga i hovudsak blitt omtalt kronologisk. Nokre perspektiv skil seg ut og er dessutan aktuelle for førenamnsbruk i det heile. Det er kulturell innverknad (religion, nasjonal arv, annan kulturkontakt), næring (handel), idoloppkalling, trendar, tradisjon (inkl. oppkalling) og tilhøvet mellom skrift og tale.

Kulturell innverknad på namnebruk kan delast i to hovudtypar, ideologisk og språk. Det ideologiske vil særleg omfatte religiøse retningar og generelle kulturstraumar som finst i ulike land, slik som nasjonal arv. Språkleg gjeld det namneformer henta frå heimleg eller anna språk, ofte knytte til næring eller eit breiare kulturfelt. Formene *Joan* og *Jon* kom først og fremst i bruk av religiøse grunnar, i nordiske språkformer. Forma *Johan* kom frå tysk-skandinavisk språkleg kontakt, særleg frå 1400-talet, og var ei importert form. Det skjedde særleg gjennom handel, næringsverksemd og innvandring, og ikkje først og fremst som kristen bruk. Denne tyske kontakten heldt fram til seint på 1800-talet. Då blei kulturkontakt for tysk svekt, og det engelskspråklege, særleg frå USA, tok over for utlandskontakt, kulturelt og språkleg, der *Johan* ikkje hadde støtte. På 1900-talet var likevel det viktigaste at bruken av gamle nordiske namn dominerte som del av ei nasjonal kulturell bølge, og *Johan* var blant namn som sokk i bruk.

Som det går fram ovanfor, har styrken til forma *Johan* neppe vore kristen bruk, men har heller vore knytt til næring (handel, gruvedrift, innvandring) og idoloppkalling. Det har på den måten helst hatt ikkje-kristne drivkrefter, sjølv om det opphavleg var sterke kristne drivkrefter som førte til bruk av *Johannes*, som *Johan* er avleidd frå. Det er heller ikkje rimeleg å rekne med at det var ei kristen tru på hell som gjorde at både *Johan* og andre namn med opphavleg kristent innhald tapa for nordiske namn med førkristent innhald. På denne tida hadde *Johan* og dei andre gamle namna som sokk i bruk, neppe sterk kristen symbolkraft. Kort sagt voks namneforma *Johan* mest med språkleg og næringsbasert kulturkontakt og sokk mest med ei norsk nasjonal bølge.

Idoloppkalling, etter berømte personar, var mest sannsynleg ei sterk drivkraft då *Johan* blei eit svært mykje brukt namn i andre halvdelen av 1800-talet. Ny idoloppkalling etter skøyteløparen Johann Olav Koss på 1990-talet slo berre svakt til, og gjekk over før namnet *Johan* kom meir i bruk av andre grunnar. Ein grunn til at namnet *Johan* ikkje kom mykje i bruk som idoloppkalling etter Johan Olav Koss, er mest truleg at tida ikkje var mogen for namnet. Det passa ikkje med trendane i tida. *Johan* var på den tida framleis namn på mange eldre folk, og var på den måten ikkje oppfatta som namn for barn.

Johan hadde gjennom tidlegare hundreår etter kvart kome i bruk i mange familiar og blei på den måten eit namn med langvarig tradisjon, opparbeidd over fleire generasjonar. Dette kunne gje namnet styrke vidare sjølv om det ikkje hadde støtte i trendar

i tida. *Johan* kunne då leva vidare både gjennom oppkalling og med at folk rett og slett var fortrulege med namnet fordi det bar på tradisjon. Dessutan gav dobbeltbruken plass for *Johan* som andrenamn vidare i nokre tiår.

Forma *Johan* har i Noreg fram til 1900-talet først og fremst vore ei skriftform. Uttala har her mest vore utan *h*-en og trykk på den første stavinga. Mest truleg har det vore ein samanhengande munnleg bruk utan *h* sidan mellomalderen, 1000-talet. Det tyske *Johann*, med *h*-en uttala og med *å*-lyd, har vore bakgrunn for innlån utanfrå heile vegen, utan at *h*-en kom med mykje av tida. I mellomalderen var namnet i Noreg skrivi *Jóan* (ev. *Joan*) og uttala med lang *å*-lyd og utan *h*-en. Endringa til *o*-uttale har følgt av forskyvinga for lange bakre vokalar frå rundt 1300–1400-talet. Overgangen til skriftforma *Johan* ser i hovudsak ikkje ut til å ha verka inn på uttala i breie folkelege lag.

Uttala av *Johan* med trykk på andre staving og uttale av *h*-en har mest truleg eit tysk opphav (*Johann*), med endring av vokaluttala frå *å*- til *o*-uttale på norsk. På tysk er trykk på andre staving ei munnleg mindretalsform. I Noreg er bruken med trykk på andre staving først kjend gjennom høgare sosiale lag i byane, og blir i vår tid særleg i yngre generasjonar oppfatta som ei passende uttale i motsetnad til den eldre folkelege uttala med trykk på første staving. Det var såleis ['ju:an] med trykk på første staving og utan *h*-en uttala som gjekk ut av bruk på 1900-talet, og det var [ju'hɑn:] med trykk på andre staving og med *h* i uttala som tok over på 2000-talet. På den måten hadde *Johan* både i skrift og tale vunne fram som namn i Noreg først rundt år 2000.

Referansar

- Alhaug, Gulbrand. 2011. *10 001 navn. Norsk fornavnleksikon*. Oslo: Cappelen Damm.
- Alhaug, Gulbrand. 2015. «Utanlandsk påverknad på fornamna i Noreg frå 1700-talet til 2007». I *Namn i det fleirspråklege Noreg*, redigert av Gulbrand Alhaug og Aud-Kirsti Pedersen, 297–320. Oslo: Novus forlag.
- Alnæs, Ivar. 1910. *Norsk uttale-ordbok*. Kristiania: Aschehoug.
- Alnæs, Ivar. 1925. *Norsk uttale-ordbok*. 2. utg. Oslo: Aschehoug.
- Berulfsen, Bjarne. 1969. *Norsk uttaleordbok*. Oslo: Aschehoug.
- Bibelselskapet. 2011. *Bibelen*. [Omsetjingar frå 2011 til nynorsk og bokmål.] <https://bibel.no/Nettbibelen>
- Brink, Lars, Jørn Lund, Steffen Heger og J. Normann Jørgensen. 1991. *Den Store Danske Udtaleordbog*. København: Munksgaards ordbøger.
- Brylla, Eva. 2004. *Förnamn i Sverige. Kortfattat namnlexikon*. Stockholm: Liber.
- Danmarks Statistik. 2021. «Navne». Sist besøkt 15. juni 2021.

<https://www.dst.dk/da/Statistik/emner/befolkning-og-valg/navne>

DGNP = Knudsen, Gunnar, Marius Kristensen og Rikard Hornby. 1936–40. *Danmarks Gamle Personnavne. Fornavne, første halvbind A–K*. København: I kommission hos G. E. C. Gads Forlag.

Digitalarkivet = Arkivverket. 2021. «Digitalarkivet». Sist besøkt 15. juni 2021. [Her er folketeljingane for 1801, 1865 og 1910 brukte.]

www.digitalarkivet.no

DN = *Diplomatarium Norvegicum*.

https://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/diplom_felt.html

Drosdowski, Günther. 1974. *Duden. Lexikon der Vornamen. Herkunft, Bedeutung und Gebrauch von mehreren tausend Vornamen*. 2. utg. Mannheim, Leipzig, Wien, Zürich: Dudenverlag.

Dudenverlag. 2015. *Duden. Das Aussprachewörterbuch*. 7. utg. Berlin: Dudenverlag & Institut für deutsche Sprache.

Gunnes, Erik. 1983. «Utenlandsk navneskikk i norsk middelalder» *Maal og Minne* 1983: 150–169.

Hald, Kristian. 1974. *Personnavne i Danmark. II. Middelalderen*. København: Dansk historisk fællesforening.

Hedelin, Per. 1997. *Norstedts svenska uttalslexikon*. Stockholm: Norstedts Förlag.

Heggstad, Kolbjørn. 1977. *Prosjektet Norske personnamn - rapport 1*. Bergen: Nordisk institutt, Prosjekt for datamaskinell språkbehandling, Universitetet i Bergen.

Jónsson, Finnur. (1911) 1966. *Snorri Sturluson Heimskringla. Nóregs konunga sögur*. Opptrykk av utgåva frå 1911. Oslo: Universitetsforlaget.

Klein, Ernest. 2008. *A Comprehensive Etymological Dictionary of the English Language*. Unabridged, one-volume edition. United Kingdom, North America, Japan, India, Malaysia, China: Emerald. [Byggjer på 8. utg. 2003]

Kohlheim, Rosa og Volker Kohlheim. 2016. *Duden – Das große Vornamenlexikon*. 5. utg. Berlin: Dudenverlag.

Koranen. 2000. Omsett av Einar Berg. Oslo: Den norske bokklubben.

Kristiansen, Jan Erik og Jørgen Ouren. 1998. *Fornavn i Norge. Navnemoter og motenavn*. Oslo: ad Notam Gyldendal.

Krispenz, Jutta. 2014. «Johanan» Das wissenschaftliche Bibellexikon im Internet. Publisert mai 2014.

<http://www.bibelwissenschaft.de/stichwort/22668/>

Kruken, Kristoffer. 2018. «Personnamn i etterreformatorisk tid» I *Norsk språkhistorie, bind II. Praksis*, redigert av Brit Mæhlum, 326–352. Oslo: Novus.

- Mikrokort 1984 = Universitetet i Bergen. Navnestatistikk på grunnlag av folkeregisterdata pr. oktober 1982, Ivar Utne, Prosjekt for datamaskinell språkbehandling (PDS), Nordisk institutt.
- Mitterauer, Michael. 1993. *Ahnen und Heilige. Namengebungin der europäischen Geschichte*. München. Verlag C. H. Bech.
- Nedreliid, Gudlaug. 2015. «Amfibrakkiske dobbeltnamn på 1900-talet» I *Innovationer i namn och namnmönster. Handlingar från NORNA:s 43:e symposium i Halmstad den 6-8 november 2013. NORNA-rapporter, nr. 92*, redigert av Emilia Aldrin, Linnea Gustafsson, Maria Löfdahl og Lena Wenner, 178–195. Uppsala: NORNA-förlaget.
- Lerche Nielsen, Michael. 2007. *Hvad skal barnet hedde?* 16. utg. København: Politikens Forlag.
- NPL 2013 = Kruken, Kristoffer og Ola Stemshaug. 2013. *Norsk personnamnleksikon*. 3. utg. Oslo: Samlaget.
- SCB 2021 = Statistiska centralbyrån. 2021. «Namnstatistik». Lese 4. april 2021.
<https://www.scb.se/hitta-statistik/statistik-efter-amne/befolkning/amnesovergripande-statistik/namnstatistik/>
- Schmidt, Uta. 2008. «Hanna». *Das wissenschaftliche Bibellexikon im Internet*. Publisert februar 2008.
<http://www.bibelwissenschaft.de/stichwort/20509//>
- Seibicke, Wilfried. 1998. *Historisches deutsches Vornamenbuch. Band 2. F–K*. Berlin, New York: Walter de Gruyter.
- SMP 2011 = Eldblad, Anita. (red.). 2011. *Sveriges medeltida personnamn. Häfte 16. Iohan – Iordan*. Uppsala: Institutet för språk och folkminnen, Uppsala Universitet.
<https://www.isof.se/sprak/namn/personnamn/sveriges-medeltida-personnamn.html>
- Statistisk sentralbyrå. 2001. «De vanligste navnene i 1801». Publisert i 2001, sist lese 1. desember 2020.
https://www.ssb.no/a/fob2001/utstilling/1801/navn_1801.html
- Statistisk sentralbyrå. 2020a. «Navn». Sist lese 1. desember 2020.
www.ssb.no/navn
- Statistisk sentralbyrå. 2020b. «Statistikkbanken. Navn». Sist lese 1. desember 2020.
<https://www.ssb.no/statbank/list/navn>
- Stewart, George R. 1986. *American given names. Their origin and history in the context of the english language*. New York & Oxford: Oxford University Press.
- Særheim, Inge. 2018. «Personnamn i førreformatorisk tid». I *Norsk språkhistorie, bind II. Praksis*, redigert av Brit Mæhlum, 316–326. Oslo: Novus.
- Torp, Arne. 2016. «Vokalsystemet frå gammalnorsk til moderne norsk» I *Norsk språkhistorie, bind I. Mønster*, redigert av Helge Sandøy, 157–187. Oslo: Novus.

- Utne, Ivar. 1991. *Kumulerte fornavn. Norske språkdata rapport nr 26, blå serie*. Bergen: Norsk Termbank, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Utne, Ivar. 2001. «Utviklinga av slektsnavn i Norge, med særlig vekt på sen-namn». *Genealogen. Medlemsblad for Norsk Slektshistorisk Forening* 2001 (2): 13–26.
- Utne, Ivar. 2020a. «Oversikt over norsk fornavnshistorie – utenlandske navn i ny tid». Upublisert manuskript, sist endra januar 2020.
- Utne, Ivar. 2020b. «Oversikt over norsk fornavnshistorie – norsk del». Upublisert manuskript, sist endra januar 2020.
- Vågslid, Eivind. 1930. *Norsk navnebok. Døypenovn med tydingar*. Oslo: Utgjeve på eigen kostnad.
- Vanvik, Arne. 1985. *Norsk uttaleordbok*. Oslo: Fonetisk institutt, Universitetet i Oslo.

Abstract

The use of *Johan* as a given name can trace its popularity back to the biblical *John the Baptist*. Variants of the name were brought to Norway by Christianity. In the Middle Ages, *Jón* was the common variant, but *Jóan* was also in use. The written form *Johan* came into use during the 15th century, from the German variant *Johann*. The use of *Johan* in Norway increased heavily during and after the reign of king Karl Johan (Charles John) 1818–1844, by idol-calling. The name reached first places for boys born around 1900. During the 20th century, its use decreased, and *Johan* was primarily used as a second-position given name, as a continued use through tradition and naming for forefathers. There was a small renewed use as a first-position name in the 21th century. In the 11th century, the name *Jóan* was pronounced with stress on the first syllable and with a Norwegian *å*-sound, i.e. phonetic [o]. Later there was a change to Norwegian *o*-sound, i.e. [u]. A pronunciation with the stress on the last syllable of the name and the *h* pronounced has expanded from the mid-20th century. Thus, a pronunciation used in higher social groups is replacing a popular one.

Ivar Utne
 Universitetet i Bergen
ivar.utne@uib.no